

Intet er nytt under solen

Egil "Drillo" Olsen. Ein is om sommaren, ei pølse på grillen og eit mirakel i Marseille. Han heiste det norske flagget til ein andreplass på FIFA rankingen. Vi var nest best i heile verda.

Drillo er 66 og det er no livet tek til... Igjen...For oss. Det vert langpassning, heading til markert spiss, men det gjer ikkje noko. Spissen er 2.50 høg også vinn Noreg mot...Tyskland. Tenk om det skulle slå til. Tenk om Noreg moste Tyskland null - ein. Eg fortel kona mi at Drillo skal ta over landslaget. Ho ser på eit eller anna program der ein katt frå USA slit med å bli omplassert. Null respons frå sofakroken.

Drillo spår at det er 46,7 % sjanse for at det skal gå. No er eg så ivrig at eg nesten ikkje hugsar at Åge heiter Hareide. Egil "Drillo" Olsen til fotball VM i Sør Afrika. Drillo og Mandela. For nokre heltar.

Kjetil Rekdal er sjølvsagt redd for Drillo effekten. Den mestspelande mannen under Drillo er redd for at Noreg skal vende attende til langpasningar. Pasningar som endar opp langt bak mål eller utover sidelinja. Men kven bryr seg om Rekdal i en sådan stund.

Kvifor ikkje la Drilloeffekten smyge seg inn i heile samfunnet. Fjern samtlige dørstokkar i det norske hus og slepp rulatorane inn! La eldrebølgja gå ustanseleg på Ullevål Stadion og flomme ut i fri dressur!

Då kan Haakon Lie verte statsminister, Oddvar Nordli tek på seg jobben som partileiar og Thorvald Stoltenberg gjer forefallande utanriksarbeid. Når blitz ungdommane tek bort fokusen frå Gaza, ved å sette seg sjølv på dagsordenen med bomber og granater, er det på tide å sende inn Willy Haugli, eller Jern Willy om du vil. Jern Willy kan ta fram seksløparen og stappe den inn i kjeften til heile Blitzhuset. Det er Jern Willy som er framtida og ikkje ein guttehvalp frå Hedmarken.

Og kvar er U.P. Olsen når trafikk biletet vert kaos og foreldra sender småungane sine fremst i demonstrasjonstoget på veg opp mot den israelske ambassaden.

Få Oddvar Brå attende i skisporet og la han knekke begge stavane, stokken og. Kuppenn får fart på skøytesporten og Lillebjørn Nilsen skal gjenforenast. Fleksnes får seg dame på

Farmen, Olsenbandens garantert siste kupp skal regisserast av Wam og Vennerød og Labbetuss har snart bursdag. I hundear er no Geir Børresen godt over sekshundre år. Det er noko bibelsk over det heile. Drillo blir ein religion og Petter Dass vert sjef i kultur og kirkedepartementet. La det Swinge til vi mister all kontroll.

Kona mi snufsar borti sofakroken. Det er den katten. Det ser ut til at dei må ta livet av heile pusen. Ho tørkar tårene og let som ingenting. Ho les avisa, ler. Ho svarer at det er Drillo ho ler av når eg spør.

- Høyr då. Den eine hunden hans heiter Cruyff og den andre heiter Kniksen. For nokre tullenavn, seier ho.

Betre blir det ikkje, tenkjer eg. No skal Drillo hanke inn den beste stallen nokon gong. Max Manus, Jens Bock Jensen, Gunnar Sønsteby, Leif Juster, Arne Treholt og Snåsamannen. Det blir Juster som spiss. Manus og Sønsteby tek seg av forsvarsspelet. Treholt skal finne ut om motstandarane på førehand og Snåsamannen skal verte verdas beste keeper. Store varme hender som veit kvar ballen kjem lenge før skotet vert avfyrt. For eit keeperemne, om han held seg skadefri då, vel og merke. Jens Bock Jensen skal lage den nye fotballsangen og kastanjene skal blomstre over heile landet.

Så skal Drillo reise ned til Tyskland og spele rotta av Franz Beckenbauer, Jørgen Klinsmann, Boris Becker, Lothar Matteus og Helmut Kohl. Noreg skal slå Tyskarane ein gong for alle.

Eg får ikkje sove, men det er verdt det. Eg gler meg til at Noreg skal vinne fotballkamper igjen. Kona mi puster tungt der ho søv. Det med katten var nok ikkje så viktig likevel.

Ronnie M.A.G. Larsen

Ukeslutt NRK

18.01.09